MODALEN KOMMUNE

Pleie og omsorg

# Overordna rammer for Årsturnus 2023/2024

| Overskrift | Tema |
|---|---|
| 1<br>Årsplan | **Periode for årsplan er 52 veker. Gjennomsnittsberekning av alminneleg arbeidstid vert avtalt lokalt.** |
| 2<br>Høgtid | **Periode for gjennomsnittsberekning av høgtidsperiode er 26 veker.**<br><br>Turnusarbeidarar vert gjeve fri på så mange bevegelege helge- og høgtidsdagar som drifta tillet. Medarbeidarar kan maksimalt påleggjast arbeid på 5 høgtidsdagar, men kan etter eige ønskje arbeide fleire av desse grunna gjennomsnittsberekning. |
| 3<br>**Utarbeiding av årsplan** | 1. Årsplan skal utarbeidast i samarbeid med tillitsvalde<br>2. Tillitsvalde og hovudtillitsvalde skal ha tilgang til å lesa og kontrollera turnusplan i Visma ressursstyring<br>3. I komplett årsturnus skal ferie og arbeid/fri på høgtidsdagar vere fastsett<br>4. Av velferdsomsyn skal ein tilstrebe maks 5 dagar på rad i turnus. Natt- maks 4 vakter på rad.<br>5. Ein skal vidare tilstrebe at:<br>- Det er mest mogleg jamn fordeling av vakter gjennom året i fht stillingsprosent.<br>- Gjennomsnittleg arbeidstid pr dag er 7,1 timar.<br>- Turnus som ligg til grunn for årsturnus skal i full stilling bestå av 29 vakter pr 6 veker. Gjeld ikkje turnus på natt eller turnus med langvakter<br>- Det er færrast mogleg vakter med kombinasjonen sein/tidleg<br>6. Ved kjende løna permisjonar gjeld den turnus ein har ved overgangstidspunktet, men justert for raude dagar ved ny årsturnus. |

| | |
|---|---|
| 8<br>**Arbeids-timer pr år** | Eksempel: Årstimetall for 100% stilling:<br>35,5 timer per uke x 52 uker = 1 846,0 timer<br>Fratrekk - 5 ferieuker (35,5 time x 5 dager) = - 177,5 timer<br>- 5 helge- og høytidsdager (7,1 time x 5) = - 35,5 timer<br>- 1 erstatningsdag for lovbestemt fridag som faller på helge- eller høytidsdag mellom to søndager (7,1 time x 1,5 vakter) = - 10,7 timer<br>Sum timer til fratrekk = 223,7 timer<br><br>Sum arbeidstimer per år for ansatte i 100% stilling = 1 622,3 timer<br><br>Antall årstimer for deltidsansatte regnes ut fra stillingsstørrelsen med utgangspunkt i timetall fra 100% stilling (1622,3 årstimer).<br><br>Arbeidstaker over 60 år varsler selv arbeidsgiver om uttak av den ekstra ferieuken med minst 14 dagers varsel |
| 9<br>**Timebank** | **Generelt kan tilsett maksimalt opparbeide seg 40 timar i +, og 15 timar i minus i timebank.** (ekstravakter, erstatningsfri, overtid) Avspasering og opptening etter avtale og i samarbeid med leiar. Utgangspunkt er utanom helg, ferie og høgtid i avdelingar som har jamn drift. |
| 10<br>**Ferie** | **Tilsette kan i utgangspunktet ønskje hovudferie fritt.**<br>Hovudregel er at sommarferien vert avvikla i 2 puljer.<br>Der ein har ferie annakvar år sein/ tidleg.<br><br>Andre løysingar kan avtalast dersom ein kan oppretthalde forsvarleg drift utfrå kompetanse- og bemanningsbehov.<br>Etter avtale med arbeidsgjevar kan det i særskilte høve være mogleg å byte ei ferieveke. Vakter ein har opparbeidd kan nyttast til avspasering. Det er og fortrinn til ledige vakter i veka ein opprinneleg hadde ferie. Ved arbeidshelg, må helga arbeidast inn att. |
| 11<br>**Evaluering, endrings-frist** | **Partane skal ha gjennomgang av årsplan som er i drift årleg innan 1/12-23**<br>Det kan då avtalast endringar som er naudsynt for fagleg forsvarleg drift for resten av årsturnusperioden. Hovudregel er likevel at frihelger, planlagt langfri eller ferieperiodar ikkje kan endrast utan semje med den einskilde tilsett. Eventuelle endringar som vert gjort i årsplan skal kunngjerast minst 4 veker før endring vert sett i verk. |

| | |
|---|---|
| | 7. godkjent årsturnus skal gjerast kjent for tilsette seinast 4 veker før oppstart.<br>8. Ny årsturnus skal gjelde frå og med veke 25 |
| 4<br>Arbeidstid | **Arbeidstid kan maksimalt settast til 12,5 timar i løpet av 24 timar og 52 timar i løpet av 7 dagar.**<br><br>Ved ønskje om arbeide inntil 54 timar i løpet av 7 dagar skal dette avtalast med tillitsvalde lokalt. Dette gjeld og dagleg arbeidstid mellom 10-12,5 timar. Arbeidstid utover 12,5 timar skal godkjennast av fagforening sentralt. Eit virkemiddel for å nå målet om heltid er gjennom bruk av årsturnus.<br><br>Tilleggskommentar: Det er søkt om 14 t arbeidstid. Dersom dette vert godkjent av ein eller fleire organisasjonar. Vil arbeidstida bli:<br><br>**Arbeidstid kan maksimalt settast til 14 timar i løpet av 24 timar og 52 timar i løpet av 7 dagar.** |
| 5<br>Arbeidsfri | **Dagleg arbeidsfri vert sett til minimum 9 timar i løpet av 24 timar** |
| 6<br>Døgnskilje | **Døgnskilje vert sett til kl 24.00 og vekeskilje til sundag kl 24.00.** |
| 7<br>Helgearbeid | **Partane er enige om at tilsette skal arbeide i gjennomsnitt kvar 3. helg. Dei som arbeider helg i veke 1 i årsturnus arbeidar 17 helger i årsturnusperioden.**<br>- Tilsette kan etter eige ønske inngå fast avtale om fleire arbeidshelger, max 24.<br>- Det vert gjeve godtgjersle frå og med den 17. helga, jfr tilleggsprotokoll om godtgjersle for ekstra helger i årsturnus. Godtgjersla gjeld ikkje for helgestillingar med arbeid kun fredag kveld, laurdag og søndag.<br>- Ein kan plassere tre helger på rad i årsturnus dersom den tilsette ønskjer det.<br>- For tilsette over 60 år: 16 helger leggjast i årsturnus.<br>- Dersom 6. ferieveka allereie i planleggingsfasen (innan frist for ønskjer) vert lagt inn i årsturnus, skal den tilsette arbeide 15 helger. Godtgjersle då frå 16. helga.<br>- Tilsette over 60 år som ikkje har lagt inn den 6. ferieveka, får godtgjersle for ekstra helger frå 17. helga.<br>- Turnus med langvakter blir kompensert frå den 13. Helga. |

| | |
|---|---|
| **12 Oppseiing av turnus, varslings-frist** | **Årsplan kan skriftleg seiast opp av partane med 3 mnd. Varsel.** Dersom varslingsfrist ikkje vert halden og ny godkjent årsturnus vert sett i verk, må arbeidsgjevar betala for forskjøvet arbeidstid inntil medarbeidarane har hatt 4 vekers varslingstid. Den tilsette må levere ønskjer for turnus innan oppgitt frist, satt av leiar. Ønskjer som vert levert etter frist vil ha lågare prioritet ved utarbeiding av turnus. |

Partar:

Fagforbundet: 03.03.23 [signature]

Delta: Natthalia Ynds? Yndestad 02/03-23

NSF: ____________________

Modalen kommune: Kristin J. Arvidsson 03.03.23